


| | |
|-----------------------|------------------------------|
| Landbruks- og matdep. | |
| Saksnr: | 2005/01130 - 105 |
| Mottatt: | 01 NOV 2005 ULLENSVANG HERAD |
| Saksbehandler: | ASR/JUR |
| Kopier: | 41 |



Det kongelige landbruks- og matdepartement

Pb 8007 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
05/845-3

Arkiv
N-000/

Dato:
31.10.2005

Endringer jordlova - Høyring

Denne høyringa vil verta handsama av heradsstyret i Ullensvang den 7.11.2005. Sender på førehand sakshandsaming med innstilling til vedtak. Det endelege vedtaket vil verta sendt Dykk når politisk vedtak føreligg.

Med helsing
Ullensvang herad

Trond Steine
jordbrukssjef

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 61
Sakshandsamar si e-postadr.: trond.steine@ullensvang.herad.no



Hardanger

Postadr.:
5780 KINSARVIK

Telefon:
53 67 15 00

Telefaks:
53 67 15 01

Bankgiro:
3450.19.70400

E post:
postmottak@ullensvang.herad.no

Ullensvang herad

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------------------------|------------|--------|------------|
| Styre, utval, del. vedtaksmynde. | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Heradsstyret | 07.11.2005 | 064/05 | TSTE |

| | | |
|---|---------------------------------------|-----------------------------|
| Endeleg vedtak i: Heradsstyret Saksansv.: Trond Steine | Arkiv: N-000 Objekt: | Arkivsaknr 05/845 |
|---|---------------------------------------|-----------------------------|

ENDRINGAR JORDLOVA - HØYRING

Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|-------------------------------------|--|
| 1 | I | 20.10.2005 | Det kongelige landbruks- og matdep. | Høyringsbrev - forslag til diverse endringar i jordlova m.v. |

Vedlegg:

Saksdokument 1

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Jordlova av 5.12.1995

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høyring eit framlegg om endring av jordlova slik at det generelle delingsforbodet for landbrukseigedomar i jordlova § 12 vert oppheva samstundes som det vert fastsett reglar om å søke delingssamtykkje ved frådelling av dyrka jord. Delingsforbodet i jordlova har vore eit viktig verkemiddel i høve til eigedomsstrukturen i landbruket sidan det vart innført i jordlova av 1955.

Dei viktigaste endringane i forslaget er:

- oppheving av det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom
- ny regel om forbod mot frådelling av dyrka jord der det ikkje er gjeve omdisponeringsløyve eller der jorda ikkje skal nyttast som tilleggsareal til anna bruk
- frådelling av bygningar som ligg i eller nær tunet krev framleis delingsløyve

- kommunen kan innføra lokal forskrift om delingsforbod der det er ønskjeleg ut frå omsynet til driftsmessig gode løysingar eller omsynet til kulturlandskapet.

I forslaget er endringane grunngeve med ønsket om forenkling og vidare at det skal leggjast til rette for ”å nytte eigedomsressursane slik at busetjing, næringsverksemd, innovasjon og livskvalitet i distrikta kan sikrast på ein betre måte enn i dag”.

I Noreg har talet gardsbruk i drift minka kraftig dei siste 10-15 åra, og denne utviklinga ser ut til å halda fram. Stadig fleire landbrukseigedomar vert fråflytta, og tomme hus og kulturlandskap i forfall vert stadig vanlegare. Samstundes syner spørjeundersøkingar at mange menneske ønskjer ei livsstilsendring, og ønskjer å flytta frå byer og tettstader til bygder og småbruk; dei ønskjer ei livsstilsendring. Som eit ledd i Landbruksdepartementet sin politikk ”Landbruk Pluss” har ein gjennom fleire endringar i lovverket freista å auka tilgjenge på landbrukseigedomar. I løpet av dei siste fire åra har mellom anna konsesjonsgrensa for landbrukseigedomar vorte heva to gonger, og eigedomar som er mindre enn 100 daa total areal eller har mindre fulldyrka mark enn 20 daa, er i dag fritt omsetbare.

Vurdering:

Lovendringsforslaga som denne høyringa omfattar i del I og del II, rører ved fleire prinsipielle spørsmål. Å snu prinsippet i eigedomsstrukturen i landbruket frå å vera sterkt regulert, til å oppheva delingsforbodet og på det viset gje frislepp på store deler av ressursane på ein landbrukseigedom, vil kunne tena landbruket og bygdene i dei delane av landet der jordbruket framleis står sterkt, og det er lite utmark eller andre rettigheter knytte til landbrukseigedomane. Men endringsforslaga i høyringa kan òg virka mot dei føremåla ein ønskjer å oppnå. Særleg er ein usikker på kva verknadane kan verta ved å oppheva delingsforbodet i jordlova. Eit slikt virkemiddel burde først koma etter ein grundig gjennomgang av verknadane ein fekk ved å auka konsesjonsgrensene. Har dei auka ”konsesjonsfri-grensene” på 20 daa. fulldyrka eller 100 daa total areal gjeve seg utslag i auka busetnad og sysselsetjing på bygdene?

Å oppheva delingsforbodet vil føra til ulik praksis med omsyn til frådeling i dei ymse kommunane. Dette vil truleg gjera at kommunar i bynære strok og kommunar der landbruksnæringa står svakt, vil vera mykje meir liberale i sin frådelingspolitikk enn i meir perifere kommunar der landbruket står sterkt. Ulik frådelingspraksis frå kommune til kommune vil vera uheldig og virka forvirrande og lite truverdig.

Å kunna dela opp landbrukseigedomar og rettar knytt til desse som skissert i høyringa, vil kunna styrkja ressursgrunnlaget på bruk i drift. Men det kan òg føra til ei utarming av ressursgrunnlaget for framtidige driftseiningar. Slike døme er det mange av frå tida før jordlova i 1954 og konsesjonslova i 1975 kom inn og regulerte dette. Frå tidlegare har ein røynsle med at skogselskap og rikfolk kjøpte opp store og små eigedomar, særleg i Trøndelag og på Austlandet. Dette medførte i mange høve ei utarming av livsgrunnlaget på desse bygdene. I bygdene rundt Hardangervidda vart det til dømes i tida kring 1900-talet delt frå både elverettar i bygda og jakt- og fiskerettar i fjellet. Også i dag er etterspurnaden etter særleg jakt- og fiskerettar stadig aukande. Ei slik utvikling fører til ei dreining der dei med mykje pengar kjøpar opp desse rettane. Dette er uheldig i høve til den tradisjonelle utøvinga av jakt og fiske som har vore tilgjengeleg for alle. I dag er slike aktivitetar sær viktige kvalitetar for mange av dei som bur på bygdene. I dag vil også fallrettar vera attraktive å kjøpa for mange.

Ein annan verknad ein kan få ved å oppheva delingsforbodet, er at det vil verta mykje lettare å unngå kravet til bu- og driveplikt. Det har så langt me har registrert ikkje vorte gjeve signal om at desse pliktane skal tonast ned, men med moglegheiter for å kunne dela frå delar av landbrukseigedomene, vil verta mykje lettare å sleppa unna dei krava som gjeldt i dag. Bu- og driveplikt er i dag eit viktig virkemiddel for å halde på busetjing kringom.

Reint forvaltingsmessig har ein i dag eit nokolunde oversiktleg lovverk. Det gjer det lett å nå og hjelpa publikum. I endringane som ligg inne i høyringa ligg det frå eit landbruksforvaltingsmessig synspunkt inne ein reell fare for at denne oversikten vert utydeleggjort, og at det etterkvart vil verta mykje vanskelegare for publikum å halda seg og få oversikt over eit regelverk som skissert. Det er ikkje lett å få auga på det forenklingspotensialet som er eit av hovudføremåla i høyringa.

Ved å leggja til rette for store tomter, eller "livsstilseigedomar", ser me eit potensiale for auka konfliktnivå mellom landbruksutøvarar og folk som flyttar til, og dette kan vera med å vanskeleggjera drifta i mange høve. Særleg gjeldt dette ved spreining av husdyrgjødsel, sprøyting av plantevernmidlar, bygging av vegar osv. I tillegg syner praksis i slike forsøk at gevinsten i form av tilflytting, vart heilt marginal. Fyresdal er ein kommune som har prøvd dette, utan at det resulterte i ei nemneverdig auke i tilflytting.

Jamvel om det i høyringsforslaget står at det skal takast omsyn til kulturlandskapsverdiar, meiner me at dette vert vanskeleg å praktisera. Med ein politikk som høyringa legg til rette for, er det nettopp kulturlandskapet og det lokale særpreget som ofte vert skadelidande. Dette er godt dokumentert og synleggjort hjå Fylkesmannen i Hordaland v. Landbruksavdelinga. Gjennom det så kalla "Biletspelet" ser ein korleis kulturlandskap og landbruksland gradvis, gjennom langvarig liberal frådelingspolitikk, mister særpreget totalt, og gjer område nærmast ueigna til landbruksdrift. I praktisk arealforvaltning syner det seg ofte omsynet at omsynet til kulturlandskap må vika i når argumenta er tilflytting, etablering av verksemdar og nybygging.

For delane III og IV i høyringa er det ingen innvendingar.

Ut frå ei landbruksfagleg vurdering meiner administrasjonen at endringsforslaga ikkje vil vera betre virkemiddel for å nå dei skisserte måla om betre ressursforvaltning, nyskaping og næringsverksemd, tilflytting, innovasjon og livskvalitet. I dagens lovverk har ein allereie dei virkemidlane som trengst, også for å møte utfordringane ein står overfor framover. Administrasjonen vil difor ikkje rå til at det vert gjort endringar med jordlova slik det går fram av høyringsbrevet av den 30.06.2005.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ullensvang heradsstyre ynskjer ikkje at det vert føreteke endringar av jordlova som skissert i del I og II i høyringsbrev frå Landbruksdepartementet av 30.06.2005. Kommunestyre vil stø opp om endringar i jordlova del III og IV i same høyring.